

# Forslag til lokal forskrift om hovudmål for grunnskulen i Ål kommune

Fastsett av Sektorutval for kultur og oppvekst, 24.09.24

**Heimel:** Lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), § 15-2 første ledd.

## § 1 Føremål og verkeområde

Kommunen fastset ved forskrift om den enkelte skule skal bruke nynorsk eller bokmål i den skriftlege opplæringa. Skriftspråket kommunen fastset, blir hovudmålet for skulen, jf. opplæringslova § 15 - 2 første ledd. Hovudmålet for skulen skal brukast mellom anna i skriftlege oppgåver og i meldingar som skulen gjev den enkelte elev. Det skriftspråket som ikkje er hovudmål, er sidemål.

## § 2 Målformer ved grunnskulane i Ål kommune

Skulane skal ha nynorsk som hovudmål. Skulen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra. Ny opplæringslov

## § 3 Gjennomføring

Hovudmålet skal brukast i den skriftlege opplæringa for alle årstrinna ved ein skule. Skulane skal nytte læremiddel på hovudmålet, både trykte, ikkje trykte og digitale. Skulen skal bruke hovudmålet i den skriftlege kommunikasjonen med foreldra. Skriftleg framstilling skal vere på hovudmålet. I språkfag har ein læremiddel på det språket det blir gjeve opplæring i.

Den munnlege delen av opplæringa er ikkje avhengig av skulen sitt hovudmål. I den munnlege opplæringa kan elevane og undervisningspersonalet velje fritt kva talemål dei vil bruke. Undervisningspersonalet og skuleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til eleven sitt talemål ved val av ord og uttrykk i den munnlege opplæringa, jf. opplæringslova § 15-1.

## § 4 Særskilde føresegner i opplæringslova

Elevar på 1.- 7. trinn skal i det skriftlege arbeidet bruke det skriftspråket kommunen har vedteke som hovudmål for skulen. Foreldra til elevane kan velje om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk.

Elevar på 8. trinn kan sjølv velje om dei skal bruke bokmål eller nynorsk, og om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk, jf. opplæringslova § 3-1. Uansett kva elevane vel, skal skulen framleis bruke det vedtekte hovudmålet i sitt skriftlege materiale.

Når minst 10 elevar på eit trinn 1 til 10 i ein kommune ønskjer eit anna skriftspråk som hovudmål enn det som er vedteke for kommunen, har dei rett til å bruke og få opplæring i dette skriftspråket i ei særskild gruppe.

## § 5 Endring av målform

Ved skifte av hovudmål, skal det haldast ei rådgjevande folkerøysting, jf. opplæringslova § 15-2. Eit skifte av hovudmål kan skje etter eit fleirtal i kommunestyret eller at minst ¼ av dei røysteføre i ein kommune krev det. Nytt vedtak om hovudmål kan ikkje gjerast før det har gått fem år.

[Ny opplæringslov](#)